



Meland kommune

## Møteprotokoll for Ungdomsrådet

**Møtedato:** 18.02.2016  
**Møtestad:** Formannsskapssalen  
**Møtetid:** 14:30

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Øyvind Oddekalv, Ingvild Hjelmtveit, Eirik Bouwer Utne

---

Møtet vart styrt av leiar Silje Nordal

Til stades:

Thobias Mellingen

Elias Lavik

Alrik Frost

Sofie Eikeland

Silje Nordal

Fråverande:

Juni Fløysand

Tim Nernes

Susanne Slettebakken

Jonas Askeland

Ida Herland

Selma Jakobsen

Møtande varafolk:

Protokollfører: Eirik Bouwer Utne

## Sakliste

Saknr	Tittel
09/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
10/2016	Godkjenning av møtebok
11/2016	Referatsaker
12/2016	Aktuelle saker
13/2016	Det årlege møtet for 2016 mellom Ungdomsrådet, ordførar og rådmann
14/2016	Orientering og innspelsrunde om ungdomstilbodet hos Ungdomslaget Varden på Grasdalen
15/2016	Årsmelding 2015 for Ungdomsrådet i Meland
16/2016	Synfaring - alternativt lokale for mellombels ungdomsklubb i Frekhaug senter

## **09/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**18.02.2016 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 09/2016 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

---

## **10/2016: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjent.

**18.02.2016 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 10/2016 VEDTAK:**

"Møtebok 7.1.2016 vert godkjent."

---

## **11/2016: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

**18.02.2016 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 11/2016 VEDTAK:**

"Meldingane vert tekne til orientering."

---

## **12/2016: Aktuelle saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **18.02.2016 UNGDOMSRÅDET**

1. 150-årsjubileum for Meland kyrkje. Gamle kyrkjeveggar og dag ved kyrkja.

- Konsert kan gjere dagen meir interessant
- Bør vere inne i kyrkja
- Dans
- Team Sulebakk

2. Rus

- Ein bør har liknande tiltak som ved gjeldsprosjektet, med folk som har vore rusavhengige eller arbeider med feltet.
- Bør skje seinast i 10. klasse, men mange kjem i kontakt med rus før den tid.

#### **UR - 12/2016 VEDTAK:**

"1. 150-årsjubileum for Meland kyrkje. Gamle kyrkjeveggar og dag ved kyrkja.

- Konsert kan gjere dagen meir interessant
- Bør vere inne i kyrkja
- Dans
- Team Sulebakk

2. Rus

- Ein bør har liknande tiltak som ved gjeldsprosjektet, med folk som har vore rusavhengige eller arbeider med feltet.
  - Bør skje seinast i 10. klasse, men mange kjem i kontakt med rus før den tid."
-

## **13/2016: Det årlege møtet for 2016 mellom Ungdomsrådet, ordførar og rådmann**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Ungdomsrådet tek orienteringar og svar til vitande.

### **18.02.2016 UNGDOMSRÅDET**

Ordførar orienterte kort om arbeidet med kommunestruktur, folkeavstemming, Midtmarka-planane, næringsutvikling, Nordhordlandspakka, psykisk helse, skuleutbygging, tannklinikk og vidaregåande skule.

Følgjande tema vart tatt opp av representantar i rådet:

#### **-For lite ekstraundervisning i eigne grupperom**

Svar: Ein ønskjer at dei fleste har undervisning i klassane, og at så få som mogleg må ut av klassen. Undervisningsloven legg opp til at undervisninga skal i hovudsak skje i klasserommet. Mindre grupper er oftast eit resultat av vedtak om spesialundervisning. Meland skil seg negativt ut på trivsel i 10. klasse.

UR: det er mykje som skjer i 10. klasse, det vert fort svært tette band i ein liten kommune - noko som kan verke inn på trivsel.

#### **-Helsesøster er til stades for få dagar i veka. For få kjenner til tenesta som ein plass der du har nokon du kan snakke med**

Svar: Ein skal auke ressursen på dette, og det vert fleire dagar med helsesøster.

UR: Mange slit psykisk, ekstra viktig med fleire dagar. Har Knarvik vgs skulepsykolog?

Svar: Dei hadde tidlegare. Kommunestyret i Meland har bedt om utgreiing av spørsmålet om kommunepsykolog.

#### **-Tannklinikk - upraktisk for ungdom å ikkje ha det på Frekhaug**

Svar: Det pågår eit arbeid på dette, å ikkje ha tilbodet på Frekhaug er upraktisk spesielt for ungdom, barn, eldre, menneskje med særlege behov.

#### **-Busstilbod - Det er vanskeleg å komme seg heim for ungdom på kveldstid, dersom ein ikkje bur på Frekhaug**

Svar: Ein har dette i mente, og det er noko som og Ungdomens fylkesutval kan arbeide med.

#### **-Ungdomsklubb - kva skjer med det gamle meieriet?**

Svar: Banklokalet var eit midlertidig alternativ fram til eventuelt eit meieribbygg til kulturføremål kan vere klart. Lokalet over treningssenteret er eit anna alternativ for ein periode. Meieriet er aktuelt på

sikt, og det pågår eit arbeid i administrasjonen på dette.

**-Skuleball i Meland Aktiv. Ein fekk ikkje lov å arrangere skuleball i Meland Aktiv i 2015**

Svar: Dette skal ein sjå på.

**-Meland ungdomsskule - valfag fransk**

Svar: tilbodet innan valfag er avhengig av kor mange som ønskjer det og tilgjengelege personalressursar.

**-Kommunestruktur og folkeavstemming**

UR: Vil tenester verte flytta?

Svar: Tenestene skal vere der folk bur - skule, bibliotek etc. Vi skal òg greie ut å stå aleine.

UR: Korleis kan ein få ungdom involvert - nettløysing, informasjon på skulane, inn i fagundervisning?

Svar: Ein bør ha allmøte på ungdomsskulane, og vurdere førehandsstemming ved skulane. Undervisningsplanar er ofte fastlagt fram i tid.

**UR - 13/2016 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet tek orienteringar og svar til vitande."

---

**14/2016: Orientering og innspelsrunde om ungdomstilbodet hos Ungdomslaget Varden på Grasdalen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Ungdomsrådet tek meldinga til vitande

**18.02.2016 UNGDOMSRÅDET**

Grasdalen Øvretvedt meldte avbud, og saka vart ikkje handsama

**UR - 14/2016 VEDTAK:**

"Saka vert trekt"

---

**15/2016: Årsmelding 2015 for Ungdomsrådet i Meland**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv framlegg her

**18.02.2016 UNGDOMSRÅDET**

**UR - 15/2016 VEDTAK:**

"Årsmeldinga for 2015 vert godkjend"

---

**16/2016: Synfaring - alternativt lokale for mellombels ungdomsklubb i Frekhaug senter**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv framlegg her

**18.02.2016 UNGDOMSRÅDET**

Det vart gjennomført synfaring i lokalet. Grunna lågt oppmøte, ønskja rådet at det vert gjennomført ny synfaring på eit seinare tidspunkt.

**UR - 16/2016 VEDTAK:**

"Det vert gjennomført ny synfaring på eit seinare tidspunkt. Ungdomsrådet legg fram sitt synspunkt for ULK i deira neste møte"

---